



Velkomen til skuleåret 2026-2027

Torsdag 13. august klokka 08.45 opnar me dørene til eit nytt skuleår!

SFO opnar som vanleg klokka 07.00, og skuleskyssen går til vanlege tider.

Det er mykje å sjå fram til når eit nytt skuleår startar. Nokon gler seg til å møta gode vener igjen, andre skal bli kjende med nye menneske og finna sin plass i eit nytt fellesskap. For dei fleste handlar skulekvardagen om lek, læring, meistring og gode relasjonar. Men me veit også at det ikkje alltid er like enkelt å finna sin plass.

Difor ønskjer me at **inkludering skal vera noko me alle bidreg til – kvar dag.**

Den 13. august ønskjer me **198 elevar** velkomne til skulen og over **60 barn** til SFO. Med oss har me **35 tilsette** som står klare til å skapa trygge og gode dagar. Me gler oss stort til å møta elevane igjen, og ekstra mykje til å ønskja **32 nye førsteklassingar** velkomne!

Alle skal få høyra til!

Me ønskje eit fellesskap der alle blir sett, verdsett og inkluderte.

Til føresette: Snakk med barna om korleis me tek vare på kvarandre. Ver nysgjerrig på kven som får vera med, og legg merke til om nokon står utanfor. Ta dei små samtalane. Still dei viktige spørsmåla. Og hjelp barna til å sjå kvarandre.

Ta med ein til. Sjå den som står åleine. Sei frå når nokon blir haldne utanfor.

For eit trygt og inkluderande fellesskap skjer ikkje av seg sjølv. Det blir skapt av oss – gjennom små og store val, kvar einaste dag.

Her hjå oss er alle velkomne. Her hjå oss skal alle høyra til. ❤️

Me ønskjer alle barn, føresette og tilsette ein trygg, god og gledeleg start på det nye skuleåret!

Me gler oss til å sjå dykk!

Med venneleg helsing
Rektor: Eli Kristin Berge

Postadresse:
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Besøksadresse
Nesjavegen 17
5650 Tysse

Skule: 56589980
SFO: 488 99 549

E-post:
barneskulen@samnanger.kommune.no
Heimes.: www.minskole.no/samnanger